

Innkalling

Utval: Fjord kontrollutval
Møtestad: Fjord rådhus, kommunestyresalen
Dato: 03.11.2025
Tidspunkt: 10:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 18/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 19/25 Orienteringar
OS 02/25 Orientering frå kommunedirektør om mogleg interkommunalt beredskapssamarbeid.
PS 20/25 Meldingar og skriv
MS 07/25 Aktuelle kurs i 2026.
MS 08/25 Val av nytt 1. varamedlem
MS 09/25 Vedtak frå Fjord kommunestyre 02.10.2025
PS 21/25 Revisor si risikovurdering for forenkla etterlevingskontroll 2025
PS 22/25 Bestilling av prosjektplan til forvaltningsrevisjon innan oppvekst.
PS 23/25 Møteplan 2026

Ålesund, 27.10.2025

Johan Arnt Overøye
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 18/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Fjord kontrollutval - 15.09.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 19/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Orienteringar

Underliggende saker

02/25 Orientering frå kommunedirektør om mogleg interkommunalt beredskapssamarbeid.

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 02/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Orientering frå kommunedirektør om mogleg interkommunalt beredskapssamarbeid. Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

I kommunestyremøte 2. oktober 2025 orienterte kommunedirektøren om mogleg interkommunalt beredsskapsamarbeid. Frå saksframlegget i sak 59/25 stod det:

Fjord kommune har til no hatt sitt eige beredskapsråd, og det er ikkje ei framtidsretta løysing. Det er ikkje lett å få dei store, eksterne aktørane til å delta her. Vi er avhengig av å vere del av ein større heilskap, og kommunen deltok i august som observatør på i interkommunalt beredskapsråd for Sula, Giske, Haram og Ålesund. Det er naturleg å knyte seg til dette samarbeidet då dette er dei kommunane vi samhandler tett med gjennom eKommune Sunnmøre, og politikontakta vår er lokalisert på Vatneeidet.

Sekretariatet og utvalsleiar Johan Arnt Overøye har bede kommunedirektøren gje kontrollutvalet ei lik orientering om dette samarbeidet og moglege konsekvensar for Fjord kommune. Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset har stadfesta i epost til sekretariatet 21. oktober 2025 at dette blir gjort på kontrollutvalet sitt møte 3. november 2025.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 20/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

07/25 Aktuelle kurs i 2026.
08/25 Val av nytt 1. varamedlem
09/25 Vedtak frå Fjord kommunestyre 02.10.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 07/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Aktuelle kurs i 2026. Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Både FKT (forum for kontroll og tilsyn) og NKRF (kontroll og revisjon i kommunene) har ferdig sine kursdatoar for 2026:

Frå NKRF sine nettsider:

*Bli med på årets største møteplass for kontrollutvalg! Kontrollutvalgskonferansen 2026 arrangeres **tirsdag 27. og onsdag 28. januar** på Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, og samler medlemmer og ledere fra hele landet til to dager med høyaktuelle tema og spennende foredragsholdere.*

Nærare program finn du på:

<https://www.nkrf.no/kurs/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2026>

Frå FKT (forum for kontroll og tilsyn) sine nettsider:

*Velkommen til Fagkonferansen 2026 på Quality Airport Hotel Gardermoen, **2. – 3. juni**
Informasjon om konferansen kommer.*

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 08/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Val av nytt 1. varamedlem Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sjå vedlagte skriv frå administrasjonen i Fjord kommune datert 7. oktober 2025.

Vedlegg

Melding om vedtak - Suppleringsval - nytt 1. varamedlem til Fjord kontrollutval

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 09/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Vedtak frå Fjord kommunestyre 02.10.2025 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sjå vedlagte skriv frå administrasjonen i Fjord kommune datert 16. oktober 2025.

Vedlegg

Kommunestyrevedtak - forvaltningsrevisjon 2025 personalforvaltning

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 21/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Revisor si risikovurdering for forenkla etterlevingskontroll 2025 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Fjord kontrollutval tek plan for etterlevingskontroll 2025 til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Den forenkla etterlevingskontrollen inneber at revisor skal sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lover og forskrifter og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Revisor gjennomfører enkle kontrollhandlingar som gjev moglegheit til å avdekkje vesentlege veikskapar i sentrale delar av økonomiforvaltninga. Kontrollen er ikkje meint å gå i detalj på alle sidene ved ei sak, men blir retta meir mot om kommunen har eit system som er eigna til å sikre etterleving av krava i lover og forskrifter og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Vurdering:

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll. Revisor har valt å sjå på offentlege innkjøp som er omtalt i rapporten på side 4. Kontrollutvalet kan bede oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram grunngi dette nærare på møte 3. november 2025.

Offentlege innkjøp utgjer en vesentleg del av kommunens økonomiske disposisjonar og er derfor et sentralt område for kontroll med etterleving av regelverket. Regelverket til offentlege innkjøp stiller krav til konkurranse, likebehandling og gjennomsiktighet, og skal

sikre effektiv bruk av offentlege midlar samt hindre misbruk, favorisering eller økonomiske tap.

Vedlegg

Risikovurdering forenkla etterlevingskontroll 2025 - Fjord kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 22/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Bestilling av prosjektplan til forvaltningsrevisjon innan oppvekst. Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Fjord kontrollutval bestiller ein prosjektplan frå Møre og Romsdal Revisjon SA for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan oppvekst i tråd med dei punkta som kjem fram i saka og i møte i kontrollutvalet 3. november 2025.

Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere prosjektplanen med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne planen leggst fram på neste møte i Fjord kontrollutval i 2026 og skal være grunnlaget for arbeidet med endeleg rapport.

Bakgrunnsinformasjon:

Fjord kontrollutval gjorde i sitt møte 2. september 2024 (sak 19/24) vedtak om innstilling til Fjord kommunestyre på plan for forvaltningsrevisjon. Saka blei handsama i Fjord kommunestyre på deira møte 31. oktober 2024 (sak 101/24) og vedteke i tråd med framlegget frå kontrollutvalet.

Kommunestyre valde å prioritere følgande tema:

1. Personalforvaltning
2. Oppvekst
3. Økonomistyring

Fjord kommunestyre handsama forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning på deira møte 2. oktober 2025 i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet. Rapporten skal følgjast opp av kontrollutvalet og kommunedirektøren skal rapportere tilbake til kontrollutvalet i 2026.

I tråd med plana nemnd over, er punkt 2 oppvekst. Det er ønskjeleg å arbeide med ein forvaltningsrevisjon i 2026 slik at kontrollutvalet følgjer kommunestyre sin vedtekne plan.

Vurdering:

Det er ved bestillinga av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske. Eit vanleg utgangspunkt for å bestille ein forvaltningsrevisjon er at utvalet drøftar bakgrunnen for og føremålet med prosjektet og moglege problemstillingar.

Drøftingane dannar grunnlag for å be revisor utarbeide ein prosjektplan, eller for å utlyse ein konkurranse der revisor må utarbeide eit tilbod basert på kontrollutvalet sine spesifikasjonar. I prosjektplan som revisor utarbeider blir kontrollutvalet sine innspel synleggjort med føremål og problemstillingar. Det er også viktig at det går fram kva kriterium revisjonen vil leggje til grunn, metodebruk og planlagd tids- og ressursbruk. Då vil kontrollutvalet ha eit grunnlag for å vurdere ressursinnsats i høve til prosjektgjennomføring. Prosjektplan blir send til sekretariatet, som ser til at den er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen, og kan godkjenne han med eller utan endringar.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet på sitt møte 3. november 2025 bør diskutere kva områdar innan oppvekst det kan være aktuelt å sjå nærare på. Revisjonen bør delta i diskusjonen og slik sett hjelpe utvalet til å "spisse" moglege problemstillingar. På første møte i 2026 bør eit forslag til prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon bli presentert for kontrollutvalet.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 23/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
03.11.2025

Møteplan 2026 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

- måndag 2. februar 2026
- måndag 23. mars 2026
- tysdag 26. mai 2026
- måndag 31. august 2026
- måndag 2. november 2026

Møta starta kl. 10.00 og blir halde på rådhuset i Valldalen viss ikkje noko anna blir avtalt.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll. Det har vore vanleg med 5 møter, 3 på våren og 2 på hausten tilpassa utvalet sine oppgåver. Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste. Sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at samanhengen med kommunestyremøta er der, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Det kan også være aktuelt med møte i tillegg til møteplanen om situasjonen krev det. Det er viktig at kontrollutvalet finn datoar som passar for alle medlemmane. Det å ha ein møteplan sikrar forutsigbarhet og gjer at innbyggjarar og politikarar lettare kan følgje arbeidet til

kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si nettside og med lenkje på kommunen si nettside.